



## Årsrapport for 2014

### Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal er medlemmar. Høyanger kommune vart medlem i Sogn regionråd frå 1.3.2014. Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet hadde 5 møte og besøkte Hardangerrådet i juni. Det var felles formannskapsdag 5.9. og ordførarmøte 11. 9. Rådet har dagleg leiar tilsett i heil stilling.

Rådet har tre arbeidsgrupper: samferdslegruppa, helsegruppa og næringsutviklings-/RUP<sup>1</sup>-gruppa.

### Rekneskap

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 8 760 870. Av dette utgjør eksterne midlar kr 3 032 520 og refusjon frå kommunane kr 5 248 746, inkludert kr 3 275 000 i kontingentmidlar.

### Aktivitetar i 2014

Sogn regionråd har tre satsingsområde i regionalplan for 2013-2017: Næringsutvikling, samferdsle og helse. Tiltaksplanen blir rullert årleg.

### Næringsutvikling

**Reiseliv:** På oppdrag frå Sogn regionråd har Segel AS laga ein produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv. Visit Sognefjord bruker analysen til å utvikla Sogn som heilårs reisemål. Sogn regionråd løyver midlar til Visit Sognefjord til marknadsføring.

### Tilflytting og rekruttering:

- **Karrieremesser:** Sogn regionråd løyvde midlar til Framtidsfylket sine karrieremesser i Trondheim og Bergen og koordinerer kommunane si deltaking på messene.
- **Bustadutvikling:** Rapporten som Ideas2evidence har laga analyserer bustadmarknaden i Sogn.
- **Auke tal lærlingeplassar:** Næringsansvarlege fekk informasjon om lærlingeordninga og starta planlegging av kommunevise møte med bedriftene.

### Utdanning og kompetanse

#### Regionalt barnehage- og skulesamarbeid:

- Sogn regionråd har tilsett programleiar og utviklingsrettleiar<sup>2</sup>.
- Sogn regionråd vedtok i møtet 7. mai overordna programplan for "System for styrka læring" og programstyret vedtok i november handlingsplan for 2015.
- Det vart inngått partnerskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn: Partnerane våre er Høgskulen i Sogn og Fjordane, Utdanningsforbundet, Regionalt kunnskapssenter for barn og unge og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen.
- Barnehagestemne: 365 tilsette i barnehagesektoren i Sogn deltok 2. januar
- Fagnettverk for psykisk helse samla 73 deltakarar 21. mars.
- Entreprenørskapsmesse: Lærdal var vertskap for messa for alle ungdomsskulane i Sogn 7. mai.
- Fagnettverk barnehage: 64 assistentar var samla til ei motivasjonsøkt til fagarbeidarutdanninga.

---

<sup>1</sup> RUP- regionalutviklingsplan

<sup>2</sup> Utviklingsrettleiar er eit 4-årig engasjement 2013-2017. Sogn regionråd finansierer 25% stilling og Utdanningsdirektoratet 75%.

- ”Partssamarbeid om helsefremmande barnehagar” vart arrangert saman med NAV Arbeidslivssenter og med støtte frå IA-rådet i Sogn og Fjordane.
- Regionrådet arrangerte utdanning à 6 studiepoeng i trafikalt grunnkurs som gir moglegheit til trafikkopplæring på skulane. 20 lærarar deltok, 19 frå Sogn.
- Alle ungdomsskulelærarane i regionen var samla 13. august om ungdomstrinnsatsinga og fagnettverka.
- Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn: Forprosjektrapport om felles PP-teneste vart levert til rådmannsgruppa 29. januar. Hovudprosjektet starta i juni og det er tilsett prosjektleiar i 20% stilling og innleigd prosessrettleiar.

### **Samferdsle**

- Ferjesambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes: Sogn regionråd arbeider for 30 minutt ferjefrekvens og nattferjer og gav fråsegn i høyringsrunden. Samferdslegruppa møtte Samferdselsdepartementet 1.4.
- Flyruter og nattstasjonert fly: Det er gitt innspel på høyring til regionale ruteflygingar frå 1.4.2016
- Nasjonal Transportplan – lufthamnstruktur: Det er gitt innspel til fylkeskommunen og til Avinor.

### **Helse**

Samhandlingsreforma og Sogn lokalmedisinsk senter (LMS) var tema på felles formannskapsdag 5.9.

### **Kommunereforma**

Kommunane vedtok mandat for felles utgreiing som skal gje kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing.

### **IKT**

**Fellesordningar:** Kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider om kommunikasjonsnett og GIS-løysing.

### **Geografisk informasjonssystem (GIS)**

- Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator
- kommunane har felles kartløyising på sognekart.no.
- adresseprosjektet for å få på plass vegadresser held fram til 2016
- nye medarbeidarar og sakshandsamarar får intern opplæring i bruk av GIS-verktøy
- GIS-koordinator er prosjektleiar for utviklingsarbeid i SIMAS

### **Samarbeidsfora i Sogn regionråd**

Rådmannsgruppa: Utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjon i regionen, og hadde 6 møte.

Regionale nettverk: Arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane: Ungdomsnettverk, kulturnettverk, HR-/personalnettverk, næringsnettverket i Sogn, helse- og omsorgsnettverk, barnehage- og skuleregion Sogn og oppmålingsgruppa. Nettverka hadde 2-4 møte.

**Fråsegner:** Sogn regionråd har gitt 15 fråsegner.

**Rapportar:** Det er utarbeidd 4 rapportar av eller på oppdrag frå Sogn regionråd.

Denne årsrapporten er ein kortversjon av årsmeldinga for Sogn regionråd. Fullstendig årsmelding og rekneskap for 2014 er tilgjengeleg på [www.sogn.regionraad.no](http://www.sogn.regionraad.no).